

- Helse og omsorg er ikkje industri!

Helseteneste-aksjonen slår alarm: – Nedskjeringa i sengeplassar fører til dårlegare pasientbehandling, brutale utskrivingar og overfylte sjukehus.

Torsdag var tilsette ved Volda sjukehus samla for å sette fokus på nedbygging av sengeplassar på norske sjukehus og sjukeheimar. Markeringa var arrangert av den landsomfattande Helseteneste-aksjonen.

– Sidan 1980-talet er talet på sjukehussenger i Noreg meir enn halverte. På berre sju år, frå 2007 til 2012 vart talet på psykiatriske senger redusert med 20%, forklarte Synnøve Rekkedal Hill, som heldt appell på vegner av den lokale aksjonsgruppa.

– Eit stykke på veg var dette ei ynskt utvikling, og skuldast meir effektiv behandling, som dagkirurgi og andre metodar. Men no har denne utviklinga gått for langt, slo ho fast.

– Det kan virke som å ha eit helsevesen med færrest mogleg senger har vorte eit mål i seg sjølv. Dette fører til dårlegare pasientbehandling, brutale utskrivingar og overfylte sjukehus, la ho til.

-Dramatisk redusert

Rekkedal Hill presiserte at Volda sjukehus har hatt eit stabilt nivå når det gjeld talet på sjukehussenger den siste tida, men at også dei har fått merke nedskjeringar i det lengre løp.

–Talet på senger har vorte dramatisk redusert dei siste ti åra. For kirurgisk avdeling, til dømes, har talet på senger ein er bemanna for gått frå 29 til 18, sa ho.

Aksjonsgruppa peika på at



* Den lokale aksjonsgruppa for Helseteneste-aksjonen: (F.v.) Siv Osdal, Stephan Rossner og Synnøve Rekkedal Hill. Inge Eskeland (t.h) representerte den administrative leiinga i Helse Møre og Romsdal.

Eiksundsambandet og Kvivsvengen har gitt Volda sjukehus eit større omland. Dermed vert presert stadig større.

– Helsetenesteaksjonen sentralt slår no alarm om nedskjering i talet på sjukehussenger. Reduksjonen har gått for langt, stadfesta Rekkedal Hill.

Påminning

Aksjonsgruppa hadde invitert administrerende direktør i Helse

Møre og Romsdal, Astrid Eidsvik, til å vere til stades under aksjonen, men ho hadde ikkje mulegheit til å kome.

Fagansvarleg overlege ved medisinsk avdeling, Inge Eskeland, representerte den administrative leiinga og skulle vidarebringe informasjonen.

Rekkedal Hill hadde følgjande appell til Eidsvik:

– På vegner av den lokale aksjonsgruppa vil me overrekke

deg denne senga som ei påminning om at du og styret i Helse Møre og Romsdal er ansvarleg for at det er nok senger ved Volda sjukehus, slik at me kan yte forsvarleg behandling til våre pasientar.

Rekkedal Hill presiserte at aksjonen ikkje er retta mot Helseføretaket men mot dei løyvande myndigheiter.

IDA ANKILE JOHNSEN



* -Helseteneste-aksjonen slår alarm om nedskjeringa i talet på sjukehussenger. Reduksjonen har gått for langt, sa Synnøve Rekkedal Hill.



* Mange sjukehusstilsette møtte opp for å ta del i aksjonen.